




Fedje-øya mot storhavet.

Fedje - island on the edge of the ocean



Avstander/Distances:

Bergen - Knarvik	22 km
Knarvik - Sletta - Austrheim	35 km
Knarvik - Manger - Austrheim	42 km
Austrheim - Sævrøy	7 km
Sævrøy - Fedje, ferje	30 min

Reiserute

Når ein køyrer nordover frå Bergen på E39 til Nordhordland, køyrer ein etter omlag 20 km over Nordhordlandsbrua (1) som går over til Flatøy i Meland kommune.

E39 følgjer ein vidare i omlag to km til Knarvik(2). Herfrå følgjer ein Rv57 til neste kryss, der ein tek inn på Rv565 til Radøy.

Rv565 går forbi Alverflaten (3) og over Alversundbrua til Radøy. Vidare langs den idylliske Alverstraumen. Radøy - den grønne øya - skil seg frå dei andre Nordhordlandskommunane med sin frodige vegetasjon (4).

På Radøy følgjer ein skiltinga til Austrheim. På vegen passerer ein tettstaden Sletta (5). Eit alternativ er å køyre vegen om Manger på vestsida av Radøy (6).

Når ein kjem over Fosnstraumbua (7) til Austrheim følgjer ein Rv565 til kyrkja. Køyr først i retning Fonnes, like etter, ta av til Rv568 til Fedje. Ta med sykkelten til Fedje om du har ein, det er ypparleg å sykle rundt på øya. Ferja «MF Fedje» brukar omlag 30 minutt frå Sævrøy til Fedje. Den flotte

Route

Driving north from Bergen on the E39 towards Nordhordland, after about 20 km you cross the Nordhordland Bridge (1) to Flatøy island in Meland district.

Continue on E39 for about 2 km to Knarvik (2), then follow Rv57 to the next junction, where you turn onto Rv565 towards Radøy.

Rv565 passes Alverflaten (3) and crosses the Alversund Bridge to Radøy, continuing alongside the picturesque Alverstraumen. Radøy, the green island, differs from other districts of Nordhordland because of its lush vegetation (4).

From Radøy, follow the signs to Austrheim. The road passes the village of Sletta (5). Alternatively you can take the road via Manger on the west side of Radøy (6).

After crossing the Fosnstraum Bridge (7) to Austrheim, follow Rv565 to the church. Head first in the direction of Fonnes, and immediately afterwards turn off on Rv568 to Fedje. Take your bike with you to Fedje if



Radøy er «den grønne øya» i Nordhordland. Den vakre og frodige naturen i kommunen buktar seg roleg og dovent mot Nordsjøen. Kulturen står sentralt i Radøy. Vestnorsk Utvandringssenter ligg på Sletta, og fortel om utvandrar-historia til tusenvis av nordmenn som utvandra frå Noreg til Amerika mellom 1836 og 1924. Folketal: Om lag 4.500.

Radøy is «the green island» of Nordhordland. The beautiful, lush landscape of Radøy rolls leisurely and lazily towards the North Sea. Culture is focal on Radøy. The Western Norway Emigration Center is situated at Sletta and relates the story of the thousands of Norwegians who emigrated from Norway to America between 1836 and 1924. Population: Around 4.500.



Øya Fedje er ein dagstur i seg sjølv! Den vesle øykommunen ligg nordvest for Bergen, ytst mot Nordsjøen. Storparten av dei 700 innbyggjarane bur kring det lune hamnebassenget nord på øya. Stadig fleire har fått augene opp for denne perla i havgapet med spennande natur og tradisjonar. Folketal: Om lag 700. **Fedje**, or Feie as the locals pronounce it, lies broadside to the ocean and is Norway's westernmost municipality. Fedje is the sea-angler's paradise. On Fedje you can experience the ocean at close hand, and more and more people are discovering this jewel at the mouth of the fjord, with its exciting nature and traditions.



Austrheim kommune ligg lengst nordvest i Hordaland. Karakteristisk for området er kulturlandskapet med lyngheiane, som i vikingtid prega kysten av Europa frå Noreg til Portugal. Noregs vestlegaste fastlandspunkt, Vardetangen - ligg i Austrheim. Folketal: Om lag 2.600.

Austrheim lies in the far north-west of Hordaland, with its distinctive heather moors. In the Viking Age moors like these were to be found all along the coast of Europe - from Norway to Portugal. Vardetangen - the westernmost point of mainland Norway lies in Austrheim. Population: Around 2.600.



Fedje.

Foto: Studio Nordhordland, AÅ



Lette og merka fotturar. Eigne kartskisser og informasjon for kvar tur

Easy and marked walks. Especially designed maps and information to each walk

ferjeturen nyt ein best frå dekk. Øya Fedje har i underkant av 700 innbyggjarar og eit areal på 7,5 kvadratkilometer. Fedje har ein hovudveg så her er det vanskeleg å køyre seg vekk! (8).

Etter den flotte ferjeturen tilbake til Sævrøy følgjer ein Rv568 frå ferjeleiet til Austrheim. Ta gjerne ein tur på den flotte Øyanevegen (9) til Krossøy, før returen syddover. Rv 565 mot Radøy fører deg attende til Knarvik og vidare på E39 til Bergen.

Stader og ymse av interesse:

Dette bør du merka deg på di reise i Nordhordland:

Sjøbuene og handelsstadene. Ver på utkikk etter dei mange vakre sjøbuene, du fer forbi gamle handelsstader og dampskipskaiaer. Legg også merke til dei mange fine naustmiljøa.

Stein og brake. Legg merke til byggekunsten på strilelandet. Steingavler i hus og løer og naust av stein. Steingardar og terassemurar. Enno finst her brakeløer, hus som er kledde med einer i gavlane.

(1) Nordhordlandsbrua

Verdas lengste flytebru utan sideforankring er 1610 m lang. Her er det utvist stor design- og ingeniørkunst i plan- og byggefasen av brua.

(2) Nordhordland Reiselivslag, Turistinformasjonen

Følg skiltinga til Turistinformasjonen i Knarvik. Du er hjarteleg velkommen innom for meir informasjon om Nordhordland! Knarvik Senter ligg like ved.

(3) Alver Hotel

På Alverflaten, like før tettstaden Alversund, kan ein svinge av til høgreflaten til Alver Hotel. God restaurant.

(4) Rhododendronhagen

Omlag 4 km frå Alversundsbrua ligg Rhododendronhagen. I den eksotiske hagen er det over 300 forskjellige rhododendrontre og ei rekkje andre plantar frå alle verdskantar. Vel verdt eit besøk!

(5) Sletta

Utvandrarsenteret på Sletta opna 4. juli 1997. Besøk senteret som ligg i den vesle emigrantkyrkja, flytta frå Brampton i USA til Sletta.

(6) Vestsida av Radøy

På vestsida av Radøy køyrer ein også på Rv565 til kommunesenteret Manger. På vegen kan ein ta ein avstikker til Bogatunet - eit gamalt langhus. Frå Manger kan ein ta turen ut til øya Toska. Frå Manger fortsetjer ein nordover til Austrheim via Bøvågen og Nordanger. I Bøvågen tilbyr Radøytunet og Meieriet matservring.

(7) Steinialderbuplassar

Langs Fosnstraumen er det funne mange spor etter steinalderbuplassar. Eit lite stykke etter Fosnstraumbua ligg kulturstien til Hoplandskvernane der informasjonsskilta fortel om menneska og deira livsgrunnlag i yngre og eldre steinalder.

(8) Fedje

Turistinformasjonen ligg like ovanfor ferjekaien. Stikk gjerne innom om du ynskjer meir informasjon om Fedje. Utleige av sykklar.

På ein holme sørvest for Fedje ligg Hellisøy Fyr. Kvar laurdag og sundag kan ein bli losa over det tronge fyrsundet med båt. Omvising i fyret. I fyrvaktarbustaden er det sal av kaffi og vaflar, is og brus.

Utsiktsplassen Vinappen finn ein på nordvestsida av Fedje, omlag 500 meter forbi Fedje Trafikksentral (losstasjonen). I klart ver kan ein skimte oljeplattformene på Trollfellet i horisonten.

Fedjesamlingane er ei kystkulturutstilling sett i stand i ei gammal sjøbu, like ved Krømmerholmen. Her er det mellom anna samla gamle reiskapar, fiskeutstyr og kvalfangst-utstyr frå farne tider på Fedje.

Gjestgjevarstaden Krømmerholmen frå rundt 1700-talet er restaurert, og tar imot gjestar for overnatting og servering. Særprega restaurant.

(9) Øyanevegen

Legg merke til den flotte vegen her ute i øyane i Austrheim. Ein må gjerne følgje avstikkaren ut til Krossøy kor ein kan sjå det verneverdige naustmiljøet på øya.

you've got one - a cycle tour of the island is superb!

The ferry MV *Fedje* takes about 30 minutes for the Sævrøy-Fedje crossing, which is best enjoyed on deck.

The island of Fedje has fewer than 700 inhabitants and an area of 7.5 km². With only one main road, you can't go far wrong here! (8).

After the pleasant ferry trip back to Sævrøy, take Rv568 from the ferry terminal to Austrheim. You might like to follow the attractive Road to the Isles (9) to Krossøy, before returning south. Rv565 towards Radøy takes you back to Knarvik and the E39 to Bergen.

Places of interest and attractions:

Some things to look out for on your visit to Nordhordland:

Boathouses and trading posts. Keep an eye open for the many fine boathouses as you pass old trading posts and steamship quays. Notice also the well-preserved waterfront buildings.

Stone and juniper. Look out for the traditional architecture of this coastal region. Stone gables, hay barns and boathouses. Stone walls and terraces. You can still see barns with juniper-covered gables.

(1) Nordhordland Bridge

The world's longest pontoon bridge without side anchoring, 1,610 m long. Great design and engineering skills were employed in planning and building the bridge.

(2) Nordhordland Tourist Board, Tourist Information

Follow the signs to «Turistinformasjonen» in Knarvik. Do come in and get more information on Nordhordland! Knarvik village centre is adjacent.

(3) Alver Hotel

At Alverflaten, just before Alversund village, you can turn right to Alver Hotel. Good restaurant.

(4) Rhododendron Garden

About 4 km from the Alversund Bridge, the exotic Rhododendron Garden contains over 300 different rhododendrons and various other plants from all over the world. Well worth visiting!

(5) Sletta

The Emigrants Centre at Sletta opened on 4 July 1997 and is based in the tiny emigrants church, moved from Brampton, USA, to Sletta.

(6) Radøy's west side

You can follow Rv565 up the west side of Radøy to Manger, the district's administrative centre. En route you can make a detour to Bogatunet, a preserved longhouse. From Manger you can take a trip to Toska island, before continuing north to Austrheim via Bøvågen and Nordanger. Cafe/restaurant at Radøytunet and Meieriet in Bøvågen.

(7) Stone Age houses

Many traces of Stone Age buildings have been found alongside Fosnstraumen. A short distance beyond the Fosnstraum Bridge, the heritage trail to Hoplandskvernane (mills) has information boards describing Stone Age people and their way of life.

(8) Fedje

The Tourist Information is right behind the ferry terminal. This is the place to find out more about Fedje. Cycle hire.

On a rocky island southwest of Fedje stands Hellisøy Lighthouse. On Saturdays and Sundays, you can take the boat over to the lighthouse for a guided tour. Refreshments available in the lighthouse keeper's cottage.

Vinappen viewpoint is on the northwest side of Fedje, about 500 m beyond Fedje Trafikksentral (pilot station). In clear weather you can glimpse the Troll oil platform on the horizon.

Fedjesamlingane is an exhibition on coastal culture in a former boathouse near Krømmerholmen, including fishing and whaling gear used in the old days on Fedje.

Krømmerholmen is a restored 18th-century inn, offering accommodation and meals. Unique restaurant.

(9) Road to the Isles

Notice the good road linking the islands in Austrheim district. A detour to Krossøy to see the island's historic waterfront buildings is recommended.